



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 17/3313-22

## **Forvaltningsrevisjon - Musea i Sogn og Fjordane - oppfølging av vedtak i FT-sak 3/18**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Tilbakemeldingane frå fylkesrådmannen 22. august 2019 vert tekne til vitande
2. Kontrollutvalet vurderer med dette forvaltningsrevisjon av musea i Sogn og Fjordane til å vere ferdig oppfølgt

### **Vedlegg:**

- Notat frå fylkesrådmannen datert 22. august 2019 – svar forvaltningsrevisjon musea i Sogn og Fjordane – oppfølging av vedtak i FT-sak 3/18

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Bakgrunnen for denne saka er gjennomført forvaltningsrevisjon av Musea i Sogn og Fjordane i tidsrommet 4. april 2017 – 17. april 2018. Rapporten vart levert 27. februar. Den vart handsama i kontrollutvalet 3. april og av fylkestinget 17. april (FT-sak 3/18).

Fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 3/18:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av «Musea i Sogn og Fjordane» ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Stille krav til rapportering frå MiSF i samband med tildeling av driftstilskot.
2. Vurdere å utarbeide rutinar som gjer det tydeleg korleis fylkeskommunen skal følgje opp tildelt driftstilskot, og dei forventningar som er formidla ved tildeling av tilskot til MiSF .
3. Utarbeide rutinar, årshjul eller liknande der faste møtepunkt mellom fylkeskommunen og MiSF er inkludert, og der det går fram både kven som er ansvarleg for å gjennomføre møta og kva som er føremålet.
4. I samarbeid med MiSF, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarande saker i tida framover.
5. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 06.08.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av «Musea i Sogn og Fjordane» oppmodar fylkestinget **Stiftinga musea i Sogn og Fjordane** å syta for å:

1. Sikre at det med utgangspunkt i stiftinga sitt føremål blir fastsett tydelege og oppdaterte mål og delmål for MiSF, og at det blir etablert system for jamleg evaluering av måloppnåing.
2. Sikre at ansvarsdeling og forventingar i organisasjonen blir tydeleggjort gjennom arbeidet med organisasjonsutvikling som no er sett i gang i MiSF.
3. Vurdere å utarbeide ein plan med tilhøyrande tiltak for å arbeide med felles kulturygging på tvers av avdelingane
4. I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarende saker i tida framover.
5. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 06.08.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

#### Oppfølging frå fylkesrådmannen hausten 2018

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok 6. august tilbakemelding frå fylkesrådmannen med oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 3/18.

Fylkesrådmannen presenterte i sin oppfølgingsrapport ein handlingsplan for samarbeidet med MiSF. Dei fleste aktivitetane i handlingsplanen var då innført. Dette gjaldt mellom anna munnleg rapportering i halvårlege dialogmøte, rapportering på enkelttiltak der det er krav om dette, årlege møte mellom styreleiar/direktør for MiSF og hovudutvalet for næring og kultur, oppfølging av driftstilskot gjennom årsmelding som fast punkt på halvårsmøta, og gjennomføring av to årlege møte med fast dagsorden.

Tilbakemeldinga var litt uklar når det gjaldt korleis det spesifikt vert følgjt opp. I samband med tildeling av tilskot vart det uttrykt forventningar til MiSF, men det var ikkje vist til etablerte formelle rutinar for å følgje opp i kva grad forventningane frå fylkeskommunen blir oppfyllt. Det var også uklart i kva grad fylkesrådmannen hadde vurdert å utarbeide rutinar som skulle tydeleggjere korleis fylkeskommunen skal følgje opp tildelt driftstilskot. Dette gjekk på dei to første punkta i fylkestingsvedtaket.

I tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen i pkt. 3 var det oppsummert faste møtepunkt melom fylkeskommunen og MiSF med føremål og ansvarleg eining for gjennomføringa.

Ansvar og roller i høve saker nemnde i rapporten var drøfta og avklart, og nye saker vart løyst fortløpende gjennom dialog og eventuelle vedtak. Dette gjaldt pkt. 4 i vedtaket.

#### Oppfølging frå Musea i Sogn og Fjordane hausten 2018

Kontrollutvalssekretariatet mottok 28. august 2018 e-post frå Musea i Sogn og Fjordane (MiSf) der administrerande direktør mellom anna skreiv at MiSF saman med fylkeskulturavdelinga har etablert ei rutine for fast oppfølging og kommunikasjon med minst eit møte i halvåret. Innhold i dei to halvårsmøta er også skissert i e-posten.

Kontrollutvalet behandla oppfølgingane frå FRM og Misf 6. september 2018 og vedtok følgjande i KU-sak 38/18:

1. Tilbakemeldingane frå fylkesrådmannen og Musea i Sogn og Fjordane vert tekne til vitande.
2. Kontrollutvalet vurderer oppfølginga av punkt 3 og 4 til å vere i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i sak 3/18.
3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om tydlegare tilbakemelding på punkt 1 og 2 i fylkestingsvedtaket.

Vedtaket frå kontrollutvalet vart sendt fylkesrådmannen 11. september 2018.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok 22. august 2019 notat frå fylkesrådmannen med oppfølging av pkt. 1 og 2 i vedtaket i FT-sak 3/18. Her forklarar fylkesrådmannen meir spesifikt om rutinane rundt gjennomgang av årsrekneskap og årsmelding, og om rapportering på bakgrunn av forventningar frå stat og fylkeskommune. Krav om rapportering ved ekstraløyving av midlar vert nemnt i tillegg til behandling av årsrekneskap og årsmelding i samband med representantskapsmøte og dialogen mellom leiinga av MiSF og hovudutval for næring og kultur.

Fylkesrådmannen legg også i notatet mottatt 22. august fram ein meir detaljert gjennomgang av oppfølginga av driftstilskot ved gjennomgang av årsrekneskap og årsmelding i vårmøtet. Det er ved denne gjennomgangen fokus på dei fylkeskommunale forventningane til MiSF.

Kontrollsjefen vurderer tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen 22. august til å få tydeleggjort rapporteringa i samband med driftstilskot og rutinane for oppfølging av tilskota, slik det er bedt om i tilbakemeldinga frå kontrollutvalet etter møtet 6. september i fjor. Oppfølginga etter fylkestingsvedtaket i FT-sak 3/18 vert dermed vurdert til å vere gjennomført.

### **3. Konklusjon**

Kontrollsjefen vurderer oppfølginga etter fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 3/18 til å vere gjennomført og rår kontrollutvalet til å vedta at forvaltningsrevisjon av musea i Sogn og Fjordane til å vere ferdig oppfølgt.